

# 1997-02-06 nr 0106: Forskrift om samanslåingsregionar innanfor einingskvoteordninga for torsketrålarflåten.

---

## Forskrift om samanslåingsregionar innanfor einingskvoteordninga for torsketrålarflåten.

Fastsett av Fiskeridepartementet 6. februar 1997 med heimel i lov av 3. juni 1983 nr. 40 om saltvassfiske m.v. § 5a, jf. forskrift av 11. oktober 1996 nr. 974 om einingskvoteordning for torsketrålarflåten § 6 andre leden. Endret 15 mai 1998 nr. 483.

**§ 1.** Tildeling av einingskvote for reiarlag med fartøy i gruppene nemnt i forskrift av 11. oktober 1996 nr. 974 om einingskvoteordning for torsketrålarflåten § 4 første leden bokstav b og c kan skje når det uttatte og det attverande fartøy er heimehøyrande i anten:

- 1. Nordland sør for Vesterålen og Lofoten
- 2. Vesterålen
- 3. Lofoten
- 4. Troms
- 5. Vest-Finnmark
- 6. Aust-Finnmark

Fiskeridepartementet kan i særlege høve tillate samanslåing mellom regionane nemnt i første leden. Det skal leggjast vekt på om slik samanslåing vil vere i samsvar med ei rimeleg regional fordeling av flåten og råstofftrongen til landindustrien i dei aktuelle distrikta.

0 Endra 15 mai 1998 nr. 483.

**§ 2.** Denne forskrifta trer i kraft straks.